

## Et plask i Havanna

Me va 20 stk så reiste t byen for å bowla og bada og ha d bare bra. Ting blei kanskje ikkje heilt som planlagt, men egentlig desto meir vellukka. Dei to minibussane tog oss me på rundtur innom Havanna, McDonald's og Pepperkakehuset der Eirik Kongsvik og Henning Ildstad bur. Folk blei både våde og svette og mette.

Side 6



### Basar

Storslått farvel  
me Misjonspro-  
sjekt-komiteen  
ga til sammen  
90.000 i potten.

Side 3

### 17. Mai

Grunna dårlig  
ver blei d i år  
nødløysnings-17.  
mai på Lauvsnes  
bedehus.

Side 4

### Dispebesøk

Ernst Baasland  
va innom øynå  
for å treffa fol-  
ke. Fredagen  
delte an me oss.

Side 4

### Kosekveld

Ein mærmast  
heimekoselig  
kveld me pizza,  
Grand Prix og  
korssamling.

Side 5

### Inspirasjon

Diskusjon på  
lørdagen og ut-  
flukt søndagen  
inspirere i kvar-  
dagen

Side 7

### Yngre jenter

Ei Toro ser på  
aldersforskjeller  
i parforhold og  
ka følger dette  
får (for han?).

Side 8

# Ledar

Av: Kåre Vignes

Sommar og allergi e synonymt for meg. Kvart år tenke eg som så at "nå har eg vel vokse driden av meg", men kvart år dukke det opp igjen. I år og. Eg hadde trudd at å flytta vekk frå siloslått og egrer sko hjelpa på, men dengang ei. Nok ein gong går eg rondt å klør i auene og nyse så snåtten fyge te adle kantar. Skikkelse hærligt. Det einaste så hjelpe litt på e å veda at der er svert mången så har det akkurat på same måden.

Men det va kje allergi eg sko skriva om i dag. Det va någe heilt aent. Her ein dag va eg nemlig på et handlesenter. Der sto følgande plakat: Frihet er å slippe å tenke på

parkometeret. Det fekk meg te å tenka. E det det dommaste eg har hørt någen gong? Sannsynligvis ikkje, eg har tross alt vore borti ein del løgne uttalelsar oppigjønå tie-ne. Men at det kjeme et stykke opp på listå øve nautne ting eg har hørt e iallefall sikker. Grett nok, det kan nok ein og aen gong var at eg har stressa litt me å nå bilen før parkometeret går ut, men alligavel. Frihet e så uendeligt møje meir.

For meg kan frihet var å reisa te et vatn med fiskastångå og sjå om eg klare å få någe på krogen. Någen vil kanskje reagera på at min følelse av frihet føre te ein fisk sin brå og voldelige død, men det får så var. Eg får kje så møje fisk. Det viktigaste med ein fisketur

e som regel turen, sjøl om eg glatt innrømme at eg ikkje ska ha mången turar uden fisk før det begynne å tæra på sjøtilliten.

Ein aen form for frihet e det at me kan ha et ungdomslag, ein menighet eller ei bibelgruppa uden å risikera å ble fengsla og torturert for det. I mången land blir ennå kristne undertrykt. Dette e någe så me som har det fritt ikkje har lov te å gløyma ud.

Så sjøl om någen kanskje ikkje får lov te å var ude lenger enn te klokka tolv, eller ikkje får lov te å reisa på den ferien dei har lyst på, eller må parkera på et parkometer for den saks skyld, så har me det ganske så fritt og godt, dei fleste av oss.

# Formannshilsen

Av: Marianne Ildstad

Har meste vondt for å tru at detta faktisk e, mest sannsynligt, siste gong eg skrive t avis-så, som formann! Kor dagane har blitt av forstår kje eg! Føles kje så lenge si eg bestemte meg for å ta øve formannsstillingen itte mi kjære søster! Men nå e d faktisk snart et år si!

Der e nok kanskje någen som lure på koss eg som formann syns detta året har vore, så eg tenkte eg ville fokusera mest på d i denne artikkelen og litt om ungdomslaget sin situasjon i dag. Sko eg ha svart heilt enkelt og greit så ville svaret mitt blitt: Te tider har d vore litt slit og kav, men som regel har d gått greit! Men ein sånn ein setning gir kje svar på alt, så eg får nok utdjuba meg litt meir, for ordens skuld.

Som eg har sagt før, så har d blitt ein del forandringar i programmet vårt og me har måtta kutta ut enkelte av arrangementå, på grunn av for lite folk og andre problem som har møtt oss. Men sånt må me rekna me har eg fonne ut. D e fysst i den sista tiå at eg har merka at d har vore litt tongt å driva ungdomslaget. Nettopp fordi d har variert sånn me oppmøte på arrangementå. I følge den litt eldre garden, e detta heilt normalt på denna årstiå, men aligavell så slite d litt på. Så spørsmålet om ka me gjer galt svirre vel og ofta rondt i tankane mine. Itte samtalar me andre som har vore me i ungdomslaget før, bestemte me oss for kalla inn til

samrådingsmøte, me dei forskjellige organisasjonane for å be om hjelp og råd. Detta møtet gjekk storarta og idear og planar dukka stadigt opp onne møtet. Så viss me får gjønåført alt detta og d i tillegg blir KRIK så ser hausten låvane ut! Viss me får tak i nok folk då...

D å få tak i folk e kje allti liga lett, dessverre. For ei litå stonn si fekk eg nokså sjokk då d viste seg at me mangla meir folk enn eg trudde t styra! Stikk innom styret e i boks. For i vega si va me bare 6 sikre styremedlem t hovudstyret, någe som e skremmane lide! Detta e fryktelig leit, for me kan kje klara oss me 6 stykk i hovudstyret, tenkte eg då. Men dagane gjekk å me klarte å få me oss 3 personar te (ære være dei!!) itte ein del telefonsamtalar. Men 9 stykk e kje nok. Egentlig sko me ha vore 11 stykk... I tillegg står formann og kasserar plassene åpne... Og d gjor d kje bedre når d faktisk viste seg at eg blir den eldste i styret... D bler meste litt for gale, syns eg sjøl, si eg bare e 18 år. E vell i gronnen bare et under at eg har klart å vore formann i år! D vett eg at eg aldri hadde klart uten all den hjelpana eg har fått av spesielt litt eldre folk, som har lettare for å se långt framøve når d gjelde konsekvenser o.l. i forskjellige saker og ting.

Å driva et ungdomslag e et stort ansvar! Når eg tenke øve ka eg har gitt meg ut på detta året så bler eg meste litt skremte! Å me tanke på at neste år falle dei litt eldre ut

av styret, så bler eg ennå meir nervøse! Men d må ordna seg på et vis. D e eg sikker på at d gjer, for d om d kan se litt mørkt ut av å te. I et kort som ungdomslaget fekk for någen år tebars, sto d et bibelvers frå Fil 1, 6: *"Og eg er viss på at han som tok til med ei god gjerning i dykk, skal fullföra henne - heilt til Jesu Kristi dag."* Dessa ordå stole eg fullt og heilt på, så d ska nok ble ei ordning!

Si situasjonen e sånn som an e, så vil eg be dokk alle i saman om å be spesielt for ungdomslaget fram igjønå! Me trenge kraft og styrke! Å i de foldede hender e der kraft! Ellers vil eg ønska dokk alle i saman ein strålanes sommar og håba på at mången vil ta turen innom oss i sommar og! Og kje minst **TUSEN TAKK** te adle som har vore me på å driva ungdomslaget nok et år!!! Flott innsats folkens!

Eg vil og oppfordra folk te å meld a seg på te Ungdoms Alpha te hausten! D e et kjempe flott tiltak som eg kan anbefala på d varmaste itte å sjølv ha deltatt på to kurs! Her kan du få svar på de fleste spørsmål mjedla himmel og jord når d gjelde trunå vår, og du vil få oppleva et fantastisk godt felleskap! Så detta e absolutt te å anbefala! Espen Idsøe e mannen du ska ta kontakt me viss du ønske å delta her! (For å konna delta må du ver tiende klassing...)

**Go sommar folkens!!**

# Andakt

Av: David Lilleheim

*Fred etterlet eg dykk, min fred gjev eg dykk. Eg gjev dykk ikkje fred på same måten som verda gjev det. Lat ikkje hjarta dykkar uroast og ver ikkje motlause! (Joh. 14,27)*

Dagleg kan me lesa, sjå og høyra om krigstilstandar verda over. Me høyrer stadig om fredsavtalar som går i vasken. Misforståelsar, ueiningheit, religion, naturressursar og maktsjukdom blant politikar og opprørslieiarar har ofte skulda for dette. Me som er født i Noreg veit kva fred er. Heile livet har me levd i oljerikdom og trygge omgivelsar, men som me alle veit er ikkje verda trygg å leva i. Med dagens krigs-

teknologi kan 3. verdenskrig bryta ut på kun få timer!

Verdas fred er usikker! I det menneskelege livet er det også indre krigar. Me kristne kjem dagleg opp i dilemma. Me kjennar stadig presset til å gå mot Guds ord. Uansett kor mykje me prøvar, fell me stadig i synd og følar oss råtna. Satan jobbar konstant for å få oss til å falle i synd. Me som er kristne veit at Gud har sagt i sitt ord at me kan komma til han med syndene våre. Halleluja! Det er fred det! Tenk å komma til ein plass der alt det vonde forsvinn, same kva synd det er!

Fil. 4,7: *Guds fred som overgår all forstand skal bevare dykkar hjarta og*

*tankar i Jesus Kristus!*

Set deg ned, les i bibelen og be å får du kjenne Guds komma nedover ditt hjarta og dine tankar! Det er ein herlig følelse å vita at uansett kva som skjer i verda og i ditt indre så kan du koma til Gud og få fred. Guds fred vera med deg!



David Lilleheim er fødd 4. januar 1983, og er såleis 20 år gammal. Han er for tida i militæret, men har bustadsadresse Rennesøy. Me tykkjer det er kjekt å ha ein rennesøybu som andaktshaldar!

# Misjonsprosjektbasar

9. mai

Av: Anita Ildstad Rørtveit

**Ja, nå har prosjektet vårt retta mot Arvid Bjerga sitt arbeid vore i to år. Ungdomslaget pleie alltid bare ha toårs prosjekt. Så me satte oss ner i april og tenkte på kossen me sko avslutta det heile, ja, me ville avslutta på ein stilige måde. Kanskje ein revolusjone-rande måde, med mange nye idear og spennande påfunn.**

Itte mange minutt, ja ca femten, kom me fram te det store, sprøa og prangande: nemlig basar. Ja, få har hørt om slik galskap før!

Så sko alt planleggast og settast i gong. Me sendte rundt tiggarbrev itte gevinsttar. Det viste seg at tigging fungerte godt. Me fekk gevinstar i sokk og kav. Neste skritt på den sprøe planen vår var å sella lodd på handelslagå - ja, på coop`ane våre. Der fekk me inn ein del, og me syns alt stod strålende te. Neste skritt va loddselging på dørene. Me trengte 22 folk te å springa og 11 bilar.

Men det viste seg at va vrient. Folk va opptatte, å sko på det eina itte det andra. Men vett du ka? Det gjekk gysla godt. Ungdommane klare møje på ein gong dei - og alle bebuarande på perlå vår fekk selgarar på dørå. Regnet plaska ner heile tiå, å folk va søkkvåde. Men det gjekk godt, å alle fekk varmen då me serverte is med tilbehør på Lauvsnes som takk for innsatsen. Okay då - så bomma me på menyen!!

Tankane blei nå vendt mot den store kvelden. Dagen før lagte me 12 oppsatser, ja merk deg antallet, å pynta på bordene på Emmaus. Ute va der regn. Dagen itte va der sol... Solå drepte oppsatsane våre å alle gjekk i bosset! Bittert! Morfar sko stå for kakeutlodning å skar av seg fingrane rett før. Vondt! Nervene kom. Ka e det me har gitt oss ut på? Så gjekk sikringane! Dei blei fiksa. Så gjekk dei igjen...Å igjen å igjen. Men te slutt kokte kaffien.

Salen fylte seg opp. Guri Vignes og Kyrkjekoret song, å beinå onna bordet fulgte rytmen med hjertens lyst. Odd Harald Rygg holdt andakt. Han va ner-

vøse sa han - men det va nok bare tull å tøys. Han va ein strålandes talar. Onna andakten va det samlingsstund for dei minste i kjellaren. Barnehagetante Silje tok seg av det. Litt flauge blei hu når me fortalte at me hørte alt opp...

Arne Nordbø å Bernt Johan Austbø tok seg av trekningå. Det gjekk på løpende bånd. Men sama kor fort det gjekk i svingane klarte Arne å få inn ein elle aen vits innimellom. Latteren floyd rundt i forsamingå. Ja, han e ein skøyar han Arne! Nå e han jo kjendis å altslags! Nå tjene han penger på å ver skøyen. Syns det e flott eg! Takk for hjel på dokke to!

Te samen fekk me inn nærmare 90000 kroner. Bare på basaren fekk me inn inne øve 39000 kroner. Ja, kanskje basar ikkje e avleggs alligavel.....

Takk for oss!

Heidi Frestad (leiar), Silje Vignes Flesjå, Mary Falkeid, Johannes Nessa, Solveig Kvamsøe og Anita Ildstad Rørtveit

# Hipp hipp hurra

for 17. mai

Av: Camilla Mjølsnes og Marie Lunde

**Den tradisjonelle feiringa vert som oftast halden på Høynes. Men dette året svikta altså våret oss, og laga det slik at den årlege 17. mai festen vart halden inne på Lauvsnes. Tragisk og veldig synd, mente nokon som hadde glede seg til grilling og kos utandørs denne kvelden.**


På Lauvsnes var det ikkje mykje som minna om den nasjonale grunnlovsdagen, bortsett frå eit par serviettar i rødt, kvitt og blått. Opplegget var nemleg vanlig stikk innom, og sjølv om det var kjekt, var

det likevel ei lita skuffing. Nokon har i ettertid stilt spørsmål om korvidt dei ansvarlege kan-sjke bur-

moro enn ein lagar det sjølv. Og det kan jo for så vidt vera morosamt.

Det var sal av kioskvarer og god is i Saloonen, mens det vart grilling av diverse kjøttvarer utføre inngangen. Grilling i regnvær er koseleg, det synst iallfall Anders og Øystein som grilla godt. Det var kanskje òg det einaste som ofisielt hendte denne kvelden. Som skriveansvarlege fann me ut at me etter ein gong hadde gløymd kameraet, og fekk ikkje tatt bilde av situasjonen.

Jon Magnar Vignes haldt andakt for oss, og me song nokre songar slik som me plar gjera. Det var ein fin kveld, utan for mykje styr. Og sjølv om det ikkje var grilling og idrett på Høynes, vart det ein fin 17. mai kveld. Me får berre håpa på betre forhold neste år!



de  
hatt ein plan-  
B i bakhovudet i tilfelle  
regn. Men ein får det ikkje meir

# Folkeleg biskop på visitas

23. mai

Av: Camilla Mjølsnes og Marie Lunde

**Biskop Ernst Baasland var på visitas til Finnøy for å inspirera og inspirera kyrkjelydane og ungdomsmiljøet.**

Ungdomslaget var så heldige å få besök av han på fredagen. Han skulle halda andakten, og ville gjerne sjå kvar mange Finnøy-ungdomar opphaldar seg i helgene.

Kvelden byrja som vanleg tidleg for hovudansvarleg, som for så vidt var underskrivne Camilla. Halv 8(+/-) var ho på pletten. Folk rulla innover etter som tida kom, og biskopen dukka opp ca halv 9. Han var i stor slag, og utover kvelden vart han utfordra i både biljard

og bordtennis av ivrige fans. Me kan bekrefa at han prøvde så godt han kunne på begge områda.

Ernst var ein særdeles folkeleg mann, med humor og behageleg stemmeleie. "Følg meg" var tema i kveldens andakt, og han tala om emne slik at det var kjekt å høyra på for utålmodige ungdomar. Andaktstunda vart leia av Lars V., mens Kristi og Anders spelte vakre tonar til songane me song. Andaktstunda vart avslutta av den lokale presten, vår kjære Edland, der han annonsera sundagens gudsteneste.

Biskopen med fylgle måtte gå ei stund etter andakstsunda, og resten av kvelden fortona seg som vanleg med bønestund og rydding.



Biskop Ernst Baasland var ein trivelig kar!

# Kosekveld

## 24. mai

Av: Gøril Bleie

**Det lukta god pizza då me entra stikk innom denne kvelden. Heila kjykkena va folt av pizza. Denne kvelden såg det ud så ingen sko gå svoltne heim igjen, for å sei de sånn..**

Kozekvelden blei nesten som ein gammaldagse lørdagskveld heima i stavå. Stoffen hadde tatt me tv'en sin, å fleire av oss fulgte ihuga med på Grand Prix. Stemninga blei ganske høge då Noreg leda heile konkurransen itte dei fysste poengutdelingane. Noreg dalte ittekvert litt ner på listå, men heila stikk innom va sers godt fornøgd med ein 4 plass. Sukk hjerte, brist ei.

For dei så ikkje lige Grand Prix så veldig godt blei det arrangert bordtennissturnering. Her var de beinhard konkurransen, men eg blei av ein merkelige grunn skvist ud av konkurransen. Trur nok de frykta konkurransen!

Itte at Grand Prix poengå va delt ud samla me oss te korssamling. Sjølv om fleire hadde forlatt lokalet før den tid, blei de ei gilde stonn. Mange av de yngste fekk var med på korssamling for fysste gong. Korssamlinga begynnte



*Grand Prix kan senja alle og einkvar. Her ein gjeng 8.klassingar så nyde kvalitetsmusikken.*

med at Marianne hadde ett lide vitnespyrd og leste opp någen dikt så Anita har skreve. Trur alle blei ganske imponerte då ja.. Hadde hu Anita gitt ud ei diktsamlig sko eg garantert kjypt na. Udenom at Serina sin telefon så stod på lydnivå 5 ringte mitt onna heile greiå, blei dette ei rolige stonn. Korssamlinga blei avslutta med lystenning.

Bra jobba Kristi & Marianne!!!



*Kristin Spanne og Øyvind Eggebø e allti hyggelige fotoobjekt.*



*Kristi Landa og Marianne Ildstad va flinke jenter å laga kosekveld på Lauvsnes.*

# (mini)Buss By Badeland Bowling og Bokollektiv

31. mai

Arrangemente som egentlig sko hetta Buss By Badeland, blei itte møje om og men litt utvida. Gjilt va d uansett.



# Inspirert til opinion

7. juni

Av: Anders Trahaug

**Etter arrangementet pinseafsta følte skribent Trahaug seg inspirert til å skissere eit kortfatta samdrag av dei mange dramatiske hendingane det norske folk fekk oppleve den 7. juni.**

Tidligare på kvelden hadde dei norske vikingane tapt 0-1 mot dei danske salmipølsene, og for ein fotball spelar var inspirasjonen problematisk å oppdrive på ein lagnadstung kveld rundt tv-skjermen. Som om det ikkje var nok at danskane sigra, gjekk kampen på den kommersielle reklamefinansierte tv-kanalen TV3. Men med Valgjerd Svar-

stad Haugland som kulturminister er det derimot ikkje anna å vente.

Kongsvik, som gudskjelov haldt seg unna det humoristiske snømann-hjørna, var den stakkars mannen som var sett til å rette opp sinnet i den nedbrutte og motlause forsamlingen. Gjennom samtalar i grupper, siden i plenum, klarte Kongsvik å retta fokuset mot inspirasjon og å bli inspirert i ulike samanhengar. Den ivrige massen engasjerte seg etterkvart kreativt og konstruktivt i samtalane, før Kongsvik avslutningsvis retta temaet inn mot det bibelske innhaldet i pinsehøgtida.

Om det snart ikkje skjer dramatiske omveltningsar i det norske samfunn vil

Kongsviken om eit par år vera å bestilla på Canal Digital for 100 kroner per opp-treden. Mellom andakten og allsangen vil der sjølvsagt bli tid til reklamepause. I denne markedsliberale høgra-verda vil du også kunne velge mellom Eirik sine mange snøvitsar, eller Kongsvik sitt fjernsynskjøkken der han på elegant vis tilbereder røykt svinekam. Sikkert trivlig for dei med tilgang på nymoderne teknologiske løysningar, men kva med meg? Må eg då nøya meg med Karisma-TV på NRK2?

Med beste helsingar ein arg, men dog inspirert, kristen sosialistisk skribent, som gjerne vil unnskyldje seg ovanfor redaksjonen ettersom han aldri leverar artiklane i tide.

# Opplevingar til inspirasjon

8. juni

Av: Camilla Mjølsnes og Marie Lunde

**Ei inspirasjonshelg inneheld så klart ein tur til Bru. 12 forventningsfulle individer stilte opp på Ladstein kai klar for utfordringar.**



Kristoffer H. Haugen føler seg heime i skogen, og slenger seg frå tre til tre.



Halvard Lauvsnes, her med ein slåande oppvisning i hinderloypa.



I år stod endelig hinderloype på programmet. Dei fleste prøvde seg på denne, og med prøving og feiling kom alle seg gjennom. Me grilla og koste oss. Ingen vart alvorleg skada under utfarten og turen var umåteleg kjekk.




Eirik Kongsvik sit godt på den fukti-ge trestokken og smilar til kamera.

Marita Sandanger frå Fogn er ein rev til å klatre. Her ser me ho i (u)vant stil.



# Ei Toro retter spøkeluset mot: Yngre damer



Av: Tore Sevheim

**Gutter er som oftest eldst i et parforhold, men jo lenger vekk en kommer fra Caffe Latte, konsertlokaler og kunstutstillinger, øker denne forskjellen drastisk. Samtidig som aldersforskjellen øker, øker også aksepten for den. Men hvorfor er det slik?**


Min teori er at på ett eller annet tidspunkt har det oppstått en lavkonjunktur i barnefødsler der utfaller er en jente. Da oppstod det et overskudd av gutter i den generasjonen, som igjen skapte et etterspørselsoverskudd på jenter (se grafen over). Vi får en ny linje for jentealder, siden det nå er mindre jenter. Da ser vi at i det nye punktet der guttegrafen skjærer jentegrafen, er alderen nå forskjøvet slik at alderen på gutter er atten, mens alderen på jenter er femten i et gjennomsnittsforhold.

Det hele ender opp i en ond sirkel der eldre gutter stikker av med yngre jenter, og tvinger neste generasjon til å gjøre det samme. Resultatet er at en feil ressursbruk vil gjenta seg år etter år. Effekten av dette blir forsterket når enkelte gutter ikke følger spillereglene og finner seg en eldre jente, som egentlig skulle vært spart til eldre generasjoner. En slik ressursbruk kan lett skape ustabilitet i systemet og flere havner ut i dameløshet på grunn av mangelen på

jenter. I verste fall kan det igjen skape flere ungkarer. Et sterkt økende problem mener menneskerettighetsorganisasjonen Ungkarsfestivalen, prøver å gjøre noe med. Eneste fordelen med ungkarer er at de lar det være flere jenter igjen til neste generasjon og demper spiraleffekten, på en annen side skulle jo disse ungkarene vært satt i produksjon av nye jenter.

Slik kan vi bruke en modell for å vise hva som har skjedd. Modeller er selv sagt bare en forenkling av virkeligheten. Andre forhold spiller inn i virkeligheten som vi ikke får med oss i denne modellen. Forhold som at i urbane strøk er de mye flinkere på å opplyse jenter om å passe seg for eldre menn som prøver å lokke deg med inn i bilen, mens på Finnøy er opplysningsnivået på et lavnivå. Ingen har fortalt dem om at de ikke skal gå inn i røde golfer en sen lørdagskveld, eller for all del ikke øvelseskjøre med gamle menn uten hår.

Så jeg vil oppfordre de lokale myndighetene om å opprette noen tiltak for å forbedre forholdene for oss uten make. Det bør satses på opplysning av unge jenter på et tidlig stadium, ta vekk bilappen til alle mellom 20 – 30 år med mindre de er gift, og kanskje begynne å importere jenter. Underskuddet på handelsbalansen som da vil oppstå, kan de veie opp med å eksportere det overskuddet av gutter som har oppstått. Hvorvidt tiltakene har noen effekt, kan



du kanskje lese mer om i neste nummer.

## Miniportrettet

Tekst og Foto: Camilla Mjølsnes

**Navn:** Lena Mjølsnes

**Alder:**  
17 år

**Sivil status:**  
Oppatt



**Når du e ferige me skulen og fortjene sommarferie. Ka ska du finna på i år?**

Eg ska jobba ein del, tenkte eg, åsså ska eg vel litt på ferie ein eller aen plass. Åsså UL då.

**Trur du at du finne ti t ungdomslage i blant alt dette?**

Ja, d får eg nå håba! Rekne kje me at d blir någe problem.

**Någe du syns e spesielt bra i ungdomslage?**

Atte der e så møje forskjellige folk der, å d e ein kjekke mødeplass for oss som går der.

Kopiert hjå:



**BYGGMAKKER Ladstein**

Fordi det lønner seg!



**NORBOHUS Ladstein Bygg as**

Tenk nytt - Bygg i Finnøy!